

Fra: Vegard Bjørnevik[vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no]  
Sendt: 23.11.2023 14:03:26  
Til: kunde@skyss.no[kunde@skyss.no]  
Kopi: Leif Ove Mikkelsen[leif.ove.mikkelsen@kvinnherad.kommune.no]; Gunn Tove Petterteig[gunn.tove.petterteig@kvinnherad.kommune.no]; Post[post@kvinnherad.kommune.no];  
Tittel: Gjeld fergesamband i Kvinnherad

---

Til Skyss v/ den som har ansvar for det offentlege tilbodet for ferje i Vestland fylke  
I går (22/11-23) opplevde me at ferja til Varaldsøy vart innstilt fordi det var personalmangel på ferja. Det å mista eit ferjesamband som er vegen inn til øya opplevde me som ganske alvorleg i eit beredskaps syn. Kommunen leverar tenestar til øya og er sjølvstøtt avhengig av kommunikasjonen sidan dette er einaste vegen og kommunikasjonen til dette lokalsamfunnet, og det var heller ikkje første gang.

For oss ville det vore betre om vi tidlegast mogeleg fekk denne informasjonen direkte og ikkje via ei passiv driftsmelding. Me lurar også på om naudetatane vart varsla slik det er når andre vegar blir stengte? Og vidare ønskjer me å vita kva rutinar ferjeselskapet har når uventa ting oppstår, og ferja blir innstilt. Ber om svar på dette.

Det vart tatt kontakt direkte med skyss utan at me vart beroliga av det. Ferjesambandet ville heller ikkje setje inn skyssbåt fordi dei meinte været var for dårleg, men andre rutefartøy hadde ikkje innstillingar Rødne (L. Rødne & Sønner) som transporterer ruter i same område vart ikkje råka grunna været.

Med helsing

**Vegard Bjørnevik** Ordførar

Mobil: +47 41465479 | Tlf: 53 48 31 00

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no)



*Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkivverdig etter arkivlova, vil bli registrert i vår offentlege postjournal.*